



Notat

Dato: 18.01.2018
Arkivsak: 2016/4130-37
Saksbehandlar: birhau

Til: Utval for opplæring og helse
Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Pilotmodell for opplæringssamarbeid skule/næringsliv på Bømlo – forseinka oppstart av utviklingsfasen

Fylkestinget handsama i oktober 2017, PS- sak 79/17 oppdragsspesifikasjon for pilotmodell for opplæringssamarbeid skule/næringsliv Bømlo. I oppdragsspesifikasjonen vart det sagt at prosjektet vil ha tre hovudfasar; planleggingsfase, utviklingsfase og iverksettingsfase.

Fase 1 - Planleggingsfase 2017 vart avslutta ved at oppdragsspesifikasjon vart lagt fram til politisk handsaming i fylkestinget i oktober 2017.

Fase 2 - Utviklingsfase var planlagt starta opp hausten 2017 og er planlagt avslutta våren 2019. Første dellevering frå dette arbeidet er ferdig prosjektplan. Denne var varsla til politisk handsaming i fylkestinget i mars 2018. På grunn av forseinka oppstart av utviklingsfasen vil denne delleveransen først kome til handsaming i fylkestinget i juni 2018.

Fylkesrådmannen reknar ikkje med at forseinkinga vil ha betydning for det vidare arbeidet med utvikling av pilotmodell for opplæringssamarbeid skule/næringsliv på Bømlo. Neste delleveranse er utvikling av økonomiske rammer og formelle avtalar for opplæringsmodell. Dette arbeidet er framleis planlagt gjennomført i perioden våren 2018 til våren 2019.

Fase 3 - Iverksettingsfase er som tidlegare framleis planlagt i perioden hausten 2019 til våren 2023. I denne fasen skal pilotmodellane prøvast ut og evaluerast.